


forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Årsplan 2015

Ålmenne oppgåver – langsigktige oppgåver

1. Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering, planarbeid, aktivitetar og arrangement.
2. Oppfølging av areal- og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen.
3. Gje organisasjonane varsel om planarbeid. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
4. Få organisasjonane til å rette merksemd mot område som natur- og kulturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, kulturminne og viktige område for friluftsliv.
5. Bruke Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova aktivt.
6. Vere observant på motorisert ferdsel, forsvare det tradisjonelle friluftslivet med stillheit og ro som viktige verdiar.
7. Verne om allemannsretten. Ekstra fokus på denne i FÅ 15.
8. Vere med å ta vare på strandsona og kystlandskapet.
9. Halde kontinuerleg kontakt med fylkeskommunen og vere eit bindeledd mellom denne og organisasjonane.
10. Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
11. Halde fellesmøte og årsmøte for organisasjonane.
12. Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
13. Friluftslivets År 2015. Koordinere, informere. Stimulere til friluftsliv for alle. Vere med å bidra til auka fokus og god breidde i arrangement i Friluftslivets veke 2015.
14. Ha fokus på friluftsliv som verdi for folkehelse og folkehelsearbeid.
15. Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggveggar i nærområda, og sikre desse ved nye utbyggingar.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

16. Arbeide for merking og rydding av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper frå sentrum.
17. FNF kan skriva høringsfråsegner på vegne av dei organisasjonane, to eller fleire, som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.
18. Vere synlege i media.
19. Gjere organisasjonane merksame på kurs og seminar som kan auke kompetansen og vere felles samlingspunkt for organisasjonane. Gje økonomisk støtte til organisasjonane for å sikre brei deltaking på aktuelle kurs og seminar.
20. Politisk arbeid knytt til natur og friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse ved kommune- og fylkestingvalet.